



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/452-8

Sakshandsamar: Magne Sturød

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	01.10.2025	
Kommunestyre	21.10.2025	

Budsjettrapportering 2. tertial 2025

Saksframlegg godkjent 24.09.2025.

Åge Verpe

KommunedirektørBakgrunn for saka

Budsjettrapport skal i henhold til økonomireglementet leverast formannskap og kommunestyre kvart tertial eller oftare, og rapport for 2. tertial blir no lagt fram. Etatane har rapportert direkte til kommunedirektøren. Rapporten er konsentrert om økonomi i drifts- og investeringsbudsjettet, sjukefråvær/HMS og avvik.

Saksutgreiing

Driftsrekneskapen og -budsjettet

Tabell 1

Plan-område	Forbruk lønn pr 31.08.25	Periodisert lønnsbudsjett	Avvik i % lønn	Forbruk totalt pr 31.08.25	Periodisert budsjett totalt	Avvik i % totalt	Avvik i kr.
1 - Sentraladministrasjonen	20 494 908	19 956 064	-2,70 %	29 037 838	28 600 713	-1,53 %	-437 125
2 - Oppvekst	50 354 678	50 036 932	-0,64 %	54 527 458	54 724 860	0,36 %	197 402
3 - Helse og Omsorg	68 269 353	66 621 444	-2,47 %	74 679 689	74 066 998	-0,83 %	-612 691
4 - Plan, Næring og Kultutr	7 775 712	8 169 310	4,82 %	16 786 570	16 532 912	-1,53 %	-253 658
5 - Teknisk	19 168 516	19 047 058	-0,64 %	23 396 167	21 018 999	-11,31 %	-2 377 168
Totalt	166 063 167	163 830 808	-1,36 %	198 427 722	194 944 482	-1,79 %	-3 483 240

Tabell 1 viser at rekneskapen pr 2. tertial ligg noko over periodisert budsjett. Om ein tek omsyn til konsekvensjusteringane som blir lagt fram i denne saka ligg samla meirforbruk på om lag 1,1 mill kr (ca 0,6 %). Som ved rapporteringa for april, er det særleg driftssida i Teknisk etat som går med meirforbruk. Det blir elles vist til kommentarar under kvart planområde.

Tabell 2

Budsjettjusteringer på planområdene 2. tertial 2025		
Planområde 1 - Sentraladministrasjonen	ps nr	Sum (1000 kr)
Opphavelg ramme 2024		44 441
Sum justeringar 1. tertial		0
Sum justeringar 2. tertial		10 668
Netto kostnadsauke seniorrådgjevar april-desember	22/2025	850
Konstituering av ordførar i juli		88
Auka kostnader pensjon - ny offentlig AFP-ordning - samlepost på sentral ansvar		4 000
Integrering prosjekt 1133 - blir teke inn i budsjett		6 000
Velferdstiltak - sentral pott til fordeling		-270
Revidert ramme 2. tertial		55 109
Planområde 2 - Oppvekst		
Opphavelg ramme 2024		87 431
Sum justeringar 1. tertial		68
Øyremerka statstilskot til undervisningsutstyr		68
Sum justeringar 2. tertial		429
Ny maksprisordning i barnehage frå 1. august - finansiert av auke i rammetilskotet		331
Velferdstiltak - sentral pott til fordeling - frå PLO 1		98
Revidert ramme 2. tertial		87 928
Planområde 3 - Helse og omsorg		
Opphavelg ramme 2024		105 420
Sum justeringar 1. tertial		1 100
Sjukepleiarteam	3/2025	900
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen frå PLO 5		200
Sum justeringar 2. tertial		114
Velferdstiltak - sentral pott til fordeling - frå PLO 1		114
Revidert ramme 2. tertial		106 634
Planområde 4 - Plan, næring og kultur		
Opphavelg ramme 2024		25 454
Sum justeringar 1. tertial		200
59 grader nord prøvebustad - utbetaling	52/2023	600
Overført ramme konsulent til PLO 5		-400
Sum justeringar 2. tertial		1 887
59 grader nord prøvebustad - utbetaling	52/2023	620
Tilskot Stålkleivsloftet	69/2023	1 045
Kostnader i samband med salg av næringsareal Jordstøyl Eigedom	84/2024	113
Tilskot Eidsborg grendehus	28/2025	96
Velferdstiltak - sentral pott til fordeling - frå PLO 1		13
Revidert ramme 1. tertial		27 541
Planområde 5 - Teknisk		
Opphavelg ramme 2024		28 800
Sum justeringar 1. tertial		400
Leikeplassar - Utbetring av avvik	18/2025	200
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen til PLO 3		-200
Overført ramme konsulent frå PLO 4		400
Sum justeringar 2. tertial		45
Velferdstiltak - sentral pott til fordeling - frå PLO 1		45
Revidert ramme 1. tertial		29 245
Sum alle planområde drift opphavelg budsjett		291 546
Sum alle planområde drift 1. tertial		293 314
Sum alle planområde drift 2. tertial		306 457

Tabell 2 viser framlegg til budsjettjusteringar på driftsrammene pr 2. tertial. Justeringane blir ikkje gjorde på bakgrunn av generelt meirforbruk, men som konsekvensar av politiske vedtak og eksterne forhold som får verknad på budsjetttrammene.

I tillegg til verknad av tidlegare vedtak er det no spesielt to forhold som påverkar driftsrammene.

Pensjon: I samband med revidert nasjonalbudsjett og i kommuneproposisjonen varsla regjeringa at planending for ny offentlig AFP og nye særaldersgrenser allereie blir innarbeidd i 2025. Dette gjer at pensjonskostnadene aukar med ca 4 mill kr utover det som ligg inne i budsjettet for 2025. Av dette får vi kompensert ca 1,7 mill gjennom auke i rammetilskotet.

Prosjekt 1133 - Integrering: Her har det tidlegare vore praksis å underbudsjettere både kostnader og inntekter, og gjere ei avrekning på slutten av året mot dei faktiske inntektene og kostnadene. For å betre økonomistyringa, ved å synleggjera både kostnader og inntekter, blir desse no tekne inn i budsjettet, men førebels lagde på eit sentralt ansvar. I budsjett 2026 blir desse kostnadene også lagde ut på dei ulike planområda.

Resultatmessig blir nettoeffekten 0, då venta inntekter frå integreringstilskot blir justert opp med same beløp, til det korrekte anslaget for 2025, gitt at kommunen buset 13 flyktningar.

Tabell 3

Revidert budsjett pr 2. tertial 2025					
Driftsbudsjett - 1000 kr	Rekneskap pr 30.08.2025	Vedtatt budsjett 2025	Justering pr 30.04 2025	Justering pr 31.08.2025	Revidert budsjett pr 31.08 2025
1. Sentraladminstrasjonen inkl NAV V-T	29 038	44 441	-	10 668	55 109
2. Oppvekst	54 527	87 431	68	429	87 928
3. Helse- og omsorg	74 680	105 420	1 100	114	106 634
4. Plan, næring og kultur	16 787	25 454	200	1 887	27 541
5. Teknisk etat	23 396	28 800	400	45	29 245
Sum fordelt til driftsområda	198 428	291 546	1 768	13 143	306 457
6. Fellesinntekter/-utgifter	Rekneskap pr 30.08.2025	Vedtatt budsjett 2025	Justering pr 30.04 2025	Justering pr 31.08.2025	Revidert budsjett pr 30.04 2025
Skatt forskotspåltige	63 993	80 136	-	429	80 565
Naturressursskatt	10 748	22 800	-	-	22 800
Sum skatt	74 741	102 936	-	429	103 365
Eigedomsskatt	43 751	43 600	-	151	43 751
Konsesjonskraftsal (kaup)	-3 590	-6 000	-	-	-6 000
Konsesjonskraftsal (sal)	21 099	35 300	5 000	-1 500	38 800
Konsesjonsavgifter	-	8 300	-	1 500	9 800
Rammetilskot frå staten	76 267	97 985	68	2 940	100 993
Andre statlege tilskot	-	-	-	-	-
Integreringstilskot	9 692	10 670	-	6 000	16 670
Sum andre innt.	221 960	292 791	5 068	9 520	307 379
Brutto driftsresultat (eks. avskr.)	23 532	1 245	3 300	-3 623	922
Rente- og avdragsinntekter	5 762	6 000	1 000	-	7 000
Utbyte VTK m.fl.	-	5 500	-	3 900	9 400
Rente- og avdragsutgifter	16 198	25 200	3 000	-	28 200
Sum renter og avdrag	-10 436	-13 700	-2 000	3 900	-11 800
Sum fellesinntekter	211 524	279 091	3 068	13 420	295 579
Netto driftsresultat	13 096	-12 455	1 300	277	-10 878
Finanstransaksjoner					-
Bruk av disposisjonsfond	-	12 455	-1 300	2 346	13 501
Bruk av bundne fond - kons.avg.	-	8 300	-	1 500	9 800
Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-	-2 623	-2 623
Avsett til disposisjonsfond	-	-	-	-	-
Avsett til bundne fond - kons.avg. m.m.	-	-8 300	-	-1 500	-9 800
Sum disponeringar	-	12 455	-1 300	-277	10 878

Når det gjeld fellesinntekter/-utgifter (Tabell 3) blir skatteanslaget og eigedomsskatt justert marginalt opp. Forventa rammetilskot blir justert opp 2,9 mill. etter revidert nasjonalbudsjett - som nemnt er 1,7 mill. av desse knytt til auka pensjonskostnader. 331 000 gjeld redusert foreldrebetaling i barnehagane, desse blir tilført planområde 2 - Oppvekst. Vidare er nemnde integreringstilskot justert opp med 6 mill., og utbytte frå VTK er justert opp med 3,9 mill.

Netto driftsresultat er venta å liggja på omtrent same nivå som ved rapporteringa 1. tertial, ei betring på ca 280 000. Budsjettert overføring frå drift til investering gjer at forventa bruk av disposisjonsfond går opp ca 2,5 mill.

Investeringsrekneskapen og -budsjettet

Tabell 4

Revidert investeringsbudsjett pr 1. tertial 2025							Merknader
Prosjektnavn	Prosjekt-nummer	Rekneskap jan-august 2025	Opphavelg budsjett 2025	Justering 1. tertial 2025	Justering 2. tertial 2025	Rev. budsjett 2025	
IT VTDS	6101	143	300	-	-	300	
Kjøp av VW ID Buzz til integrering	6103	678	-	-	680	680	
Utstyr helse og omsorg	6301	-	250	-	-250	-	Tas ut av inv.planen
IKT - trådløs dekking helse og omsorg	6306	-	100	-	-100	-	Tas ut av inv.planen
Styrka beredskap smittevernutstyr og medikament	6307	-	100	-	-100	-	Tas ut av inv.planen
Bandak aktivitetspark - vassfront Dalen	6403	-	332	-	-	332	Tilskot 194'
Ballbinge Høydalsmo	6405	-	75	-	-	75	
Ravnejuv	6406	-	250	-	-	250	
Tiltak ganging-sykling jmr sykkelbygda	6409	-	375	-	-375	-	Tas ut av inv.planen
Branntomt Amdal Verk	6411	-	450	-	-	450	
Gullbjørgsalen - sceneteppe, lyd, kinolerret	6412	-	250	-	-	250	
Oppgrad. sanitær Soria Moria, Dalen bryggje m.fl.	6413	-	700	-	-	700	
Pendlerparkering Høydalsmo	6414	26	1 225	-	-975	250	Gjort rimelegare enn budsjettet
Parkering Brunnvoll	6415	1 234	-	1 188	-238	950	Sak 27/2025 Disp.fond
Bil landbruksvikar	6450	-	200	-	-200	-	Tas ut av inv.planen
Bustadtomter, inkl. regulering Dalen	6461	-	1 000	-	-1 000	-	Tas ut av inv.planen
UV-anlegg Hallbjønnsekken	5500	26	-	156	-	156	Restbevilgning frå 2024
Driftsovervaking oppgradering 2022-2024	5502	-	500	-300	-	200	KS 19/2025 flytt til seinare år i ØP
Rehabilitering va-nett	5503	-	3 000	-	-2 000	1 000	Flytt til 2026
Utbygging VA Hallbjønnsekken	5504	-	-	170	-	170	frå 2024
Dalen RA (rein/urein sone)	5506	39	-	100	-	100	100' frå 2024
Ristgodsfjerning Lårdal og Åmdals-Verk RA (1)	5507	752	3 800	-2 000	-	1 800	KS 19/2025 flytt til seinare år i ØP
Dalen brygge - septikmottak	5508	196	320	-120	-	200	Justert ned KS 19/2025
Kamerainspeksjon og lekkasjesøkar	5509	31	300	-300	-	-	KS 19/2025 flytt til seinare år i ØP
Resipient utgreiing Åmdals åi (RA4)	5510	-	250	-250	-	-	KS 19/2025 flytt til seinare år i ØP
PA102 Monsjordet - åkryssing	5511	-	2 500	-2 500	-	-	KS 19/2025 flytt til seinare år i ØP
Ny PLS og nytt UV-anlegg Høydalsmo	5512	308	1 000	-400	-	600	Ferdig 4 kvartal 2025
Opprusting/påkostnad kommunale bygg	6503	-	250	-	-	250	
Kommunale utleigebustader, oppgradering	6504	1 605	1 500	-150	250	1 600	Justert mot 6545 tilskot 629'
Elvarheim - vedlikehald og Enøk	6505	440	980	-	-	980	
Kommuneverkstad	6507	428	300	-	300	600	
ENØK-prosjekt, styringsystem	6508	812	1 000	1 000	-	2 000	
Oppgradering aldersbustader	6514	1 453	2 000	-500	-	1 500	tilskot 660'
Trafikksikringstiltak	6517	-	-	200	-200	-	
Opprusting kommunale vegar	6519	-	1 750	-	-	1 750	Oppstart av prosjekter i 3.kvartal 2025.
Skilting kommunale vegar	6520	-	130	35	-	165	
GS Vistadmoen VA-del	6521	189	-	170	-	170	Restkostnad 2024
Opprustning Tokke skule	6525	698	2 000	-	-500	1 500	Egen sak, anbudsfrist 1. desember
Erosjonsskring og autovern kommunale vegar	6528	125	-	125	-	125	
Kryssing FV 450 ved Elvarheim	6535	-	300	-	-	300	Tilskot 180,
Opprustning Lårdal grendehus	6536	141	705	-	-564	141	Bytta golv - ikkje ramme for garderobe/bad
Grillhytte høydalsmo barnehage	6539	289	-	400	-	400	Ferdigstil 2. kvartal 2025
Garasje Buøy	6540	192	-	200	-	200	Ferdig i 2024- ettersendt faktura
Lårdal alderspensjonat	6541	-	-	-	2 300	2 300	vedtak juni. Godkjend støtte frå husbanken
Enøk aldersbustader	6543	766	-	1 500	-	1 500	Tilskot 50% Husbanken
ENØK utleigeboliger	6545	78	-	150	-	150	Justert mot 6504 tilskot 107'
Utskifting gateljos	6546	-	510	-	-510	-	Tas ut av inv. plan
Gapahuk	6548	305	400	-	-	400	Ferdigstil 2. kvartal 2025
Dagsenter	6549	88	4 500	-4 300	-	200	Flytt til 2026, pluss auke
Tokkehallen Dusjanlegg	6550	-	2 500	-2 500	-	-	Flytt til 2026
Dalen kanalbåtbyggje, konstruksjon	6551	1 091	1 700	-	-	1 700	
Rehabilitering av tak Dalen barnehage	6552	-	4 000	-	-	4 000	
Oppussing skyllerom avdeling B	6553	-	1 000	-	-	1 000	55% tilskot Husbanken
Skifting av glas helsesenter	6554	-	2 000	-	-	2 000	50% tilskot Husbanken
Garasje for legebil	6555	-	250	-250	-	-	Fjerna, då det ikkje lenger er behov
Utbedring bryggjekafe	6556	1 241	500	750	-	1 250	Justert opp 750 000 i KS 17/2025
Senking av kommunal veg	6557	-	-	-	180	180	FS 40/2025
Berglibekken, ny Kulvert	6558	-	-	2 500	-	2 500	Justert opp 750' jf. KS 56/2024 - dispfond
Toalettanlegg Høydalsmo skule	6585	1 819	-	1 500	-	1 500	
Åheim - kjøkken og kontor	6589	-	-	250	-	250	55% tilskot Husbanken
Ombygging kommunehus	6590	158	-	110	-	110	90' overført frå 2024 + 20 ny ramme
Arbeidsrom vaktmester	6593	-	1 000	-1 000	-	-	Flytt inn i dagsenter-prosjekt
Maskinplan	7112	750	-	1 000	-	1 000	
Tilskot investeringar - kyrkja	9014	1 009	500	1 010	-	1 510	
Eigenkapitaltilskot KLP	9029	923	850	-	73	923	Finansiering over disp.fond
Formidlingsutlån - avdrag	9521	722	950	-	-	950	
Uspesifisert kutt VA budsjettsaka	9599	-	-6 170	6 170	-	-	
Sum alle planområde (brutto)		18 755	42 682	4 114	-3 229	43 567	
Finansiering:							
Overf. frå drift /disposisjonsfond			0	1938	685	2 623	
Fondsmidar - kap.inntekter			950	276	0	1 226	
Moms.kompensasjon			8 136	-1626	-805	5 706	
Tilskot/refusjonar - eksterne midlar			4 319	146	-395	4 070	
Bruk av unytta lånemidlar tidlegare år			0	10 000	0	10 000	
Nye lånemidlar			29 277	-6 620	-2 714	19 943	

Investeringsbudsjettet (tabell 4) justerast etter 2. tertial ned med totalt 3,23 mill. kr i brutto investeringsutgifter.

Av nye prosjekt som blir tekne inn i budsjettet er kjøp av ny bil til flyktningtenesta, og opprusting av Lårdal alderspensjonat.

Det er teke ut nokre prosjekt av investeringsplanen, då det pr i dag ikkje er ein klar plan for gjennomføring. Nokre prosjekt er tekne ut av budsjetta i år og lagde inn seinare i planperioden.

Overført fra drift/dispfond		
KLP Eigenkapitaltilskot	9029	923
Parkering Brunvoll	6415	950
Bryggjekafe	6556	750
Sum		2 623

Ein kan ikkje finansiere investeringar direkte med disposisjonsfond, ein må gjere det som ei overføring frå drift til investering. For prosjekt 6415 og 6556 er det vedtatt bruk av disposisjonsfond. Eigenkapital tilskot til KLP kan ikkje finansierast med lån eller inngåande momskompensasjon, og må derfor finansierast med ledige midlar frå drift eller disposisjonsfond.

Finansrapportering

Gjennomsnittleg lånerente på alle låna til kommunen er no 4,92%.

Gjennomsnittleg innskotsrente på bankinnskot for januar-august er 4,91%.

Betalte avdrag på gjeld utanom startlån er pr 31.08 8,7 mill. Årets låneopptak er pr 31.08 ikkje gjort.

Rapport frå planområda

PLO 1 - Sentraladministrasjonen inkl Nav VT

Økonomi:

Lønn: Sentraladministrasjonen har eit overforbruk på løn på 2,70 %, om lag kr 540 000.

Dette gjeld både ordføraren, fellestenesta og økonomiavdelinga. Fellestenesta har ein tilsett der kostnadene ikkje er budsjetterte. Lønskostnaden i 2025 er rekna til om lag kr 850 000.

Lønskostnaden knytt til konstituering av varaordfører er kr 85 000. Lønskostnaden for prosjektstillinga i fellestenesta er teke med i vurderinga.

Økonomiavdelinga har nytta noko ekstra hjelp, og har eit meirforbruk på kr 75 000.

Drift: Driftsbudsjettet er i balanse etter andre tertial.

Avvik: Det er registrert to avvik sidan 1. januar 2025 – eitt HMS-avvik og eitt tenesteavvik.

Sjukefråvær: I andre kvartal har det vore lågt sjukefråvær, med ein total fråværsprosent på 0,9. Av dette utgjør korttidsfråvær 0,17 %, medan langtidsfråvær står for 0,73 %.

Nav VT

Økonomistatus drift – forklaring av noko avvik lønnsutgifter er at vi har forskuttet løn i ei 100% stilling, staten vil refundere det. Vi har og tilsett ein i 100% stilling , forkuttera ein pappaperm. Forbruket vil jamne seg ut i løpet av året.

Tokke kommune har eit mindre forbruk til økonomisk sosialhjelp enn budsjettet. Det gjeld for dei andre kommunane i vertskommune samarbeidet , med unntak av Kviteseid som har overforbruk i forhold til budsjett . Det er rapportert til kommunane. Regnar med at budsjettet på drift vil halde , men at Kviteseid må regne med tilleggsbevilling på tilskot sosialhjelp.

Handlingsprogram:

Utfordring og tiltak	Mål	Status pr. 31.8.25
Informasjonsarbeid	Jobbe for å finne gode løysingar slik at både tilsette og innbyggjarar får den informasjonen dei har behov eller er interesserte i.	Kontinuerleg arbeid. Civis - app er tatt i bruk. Informasjon frå kommunen er med i kyrkjelydsblad, Kyrkjelyden.
Ta i bruk fleire funksjonar i de digitale programvare kommunen har.	Effektivisere og forbedra det daglige arbeidet	Kommunen tar i bruk EveryOne i økonomisystem ERP Kommune.
Etablere nærttenestesenter (pilot)	Prosjektleiar tilsett og prosjektplan godkjent av kommunedirektøren. Prosjekt godt forankra innad i kommunen. Innbyggjarane kjent med kva nærttenestesenteret kan hjelpe dei med.	Det vert jobba med å få tenester frå staten til kommunen.
Levere i tråd med ungdomsgarantien og ha spesielt fokus på unge som søker sosialhjelp (Nav)	Redusere unge under 30 år som søker sosial med 10%.	Antall unge ligg på same nivå som i fjor i.Vi har stort fokus på ungdommane , men det har kome mange nye . Talla er totalt og sier ingenting om omfang og eller kor lenge dei har sosialhjelp . Vi har utarbeida ein tiltaksplan som vi fylgjer.

PLO2 – Oppvekst

Økonomi:

Lønn: Samla er det eit overforbruk på om lag kr 300 000, som utgjer 0,64 % på samla lønsbudsjett. Noko av dette vil bli regulert på slutten av året på grunn av refusjonar.

Drift: Driftsbudsjettet har eit lite underforbruk. Det vil kome nokre utgifter i haust som vil utlikne dette noko.

Samla sett ligg oppvekst pr 31.08 – 25 tett opp til budsjett. Er i balanse.

Avvik:

Avvik	Lukka
12	7

Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.

Sjukefråvær:

Fyrste kvartal:

Samla:	6,98 %
Korttid	1,06 %
Langtid:	5,92 %

Det er ein liten nedgang i sjukefråværet på om lag 1.20 % frå fyrste kvartal i 2025 til andre kvartal 2025. Nedgang i fråværet er hovudsakleg knytt til kortidsfråvær

Handlingsprogram (status):

Tiltak	Evaluering av tiltak
Rekruttering	Det har var god søknad på lærarstillingane vår 2025. Skuleoppstart i høve bemanning har likevel vore krevjande på grunn av sjukmeldingar/permisjonar. Me lukkast i å få styrarar i alle barnehagar ved nytt barnehageår, men manglar nokre barnehagelærarar (må skrive dispensasjon) I høve rekruttering har me 4 lærarar på etterutdanning gjennom Udir/Kdir. Me har elles 6 tilsette/studentar som tek barnehagelærarstudie på rekrutteringsordning.
Utviklingsarbeid i barnehage og skule	Både skule og barnehage held fram med Kompetanseløftet. Me har vidare fokus på: • Inkluderande praksis og spesialpedagogikk • Laget rundt barnet BTI (betre tverrfagleg innsats) • Intensiv opplæring Fokus på gode barnehage – skulemiljø. Foreldretrappa - foreldremøte (dialog og informasjon mellom heim skule, samt andre instansar som til dømes helse, SLT og politi) starter i oktober 2025. Del av oppvekstplanen.
Aktiv og synleg kulturskule	Kulturskulen arbeidar fortsatt for å vera ein synleg og aktiv kulturskule, og for gode samarbeid med andre tenester i kommunen. Håpar å få til Kulturveke i februar som før. Startar med planlegging av denne i tett samarbeid med skule.
Planarbeid	Lokal del i Oppvekstplan er ferdig, og bli iverksett haust 2025. I skuleåret 2025/2026 ➤ Evaluere/ endre vedtekter i barnehage, sfo og kulturskule ➤ Vald i nære relasjonar ➤ Rutiner i høve vald og truslar. Plivo.
Born og Unge	Det er god aktivitet på ungdomsklubben. Sommarskulen blei gjennomført i veke 26. God påmelding. Etter skulestart (haust) har det vore tur til Seljord (rusfri konsert) Toaletta på ungdomsklubben er ferdig.

PLO3 – Helse og omsorg

Økonomi

Planområdet har i perioden hatt overforbruk på både lønn og drift, men også høgare inntekter enn det som var budsjettet.

Det er eit overforbruk på ca. 2 millionar på ekstrahjelp og overtid, og bruk av vikarbyrå har kosta om lag 2 millionar. Begge desse postane er konsekvens av vakante stillingar, rekrutteringsvanskar, sjukefråvær og anna fråvær. Institusjon har leigd inn 1-2 helsefagarbeidarar frå vikarbyrå gjennom året, og leigde inn 5 vikarar i sommar for å sikre forsvarleg bemanning gjennom ferieavviklinga. Både institusjon, Åheim og heimetenesta har høge utgifter til overtid. Det er registrert 370 brot på AML på samla på alle avdelingar i perioden.

I 2024 vart det inntektsført om lag 1,5 millionar for lite for ressurskrevjande brukarar. Dette inntektsførast no i 2025. Det har også kome inn høgare inntekter på brukarbetalingar på institusjon enn det som var budsjettet.

Samla sett så har etaten eit overforbruk på ca. 600.000 per 31.08.25.

Avvik

100 avvik er registrert i perioden. Det er ei stor auke frå same periode i 2024 (40), og frå 1. tertial 2025 (57).

Teneste og tenestemottakarar	Organisasjon/internt	HMS	Ytre miljø	GDPR
60	23	24	1	1

Sjukefråvær

Heile etaten har samla sett eit sjukefråvær på 7,76%, der 5,92% er langtidsfråvær og 1,84% er korttidsfråvær.

Handlingsplan

Utfordringar og tiltak	Mål	Status
Rekruttering er ein av dei største utfordringane. Tokke kommune skal ta i bruk og aktivt arbeide systematisk med rekrutteringsplan og kompetanseplan og vere i forkant for å dekke behovet for helsepersonell. Tokke kommune skal vere synleg på skular og på yrkesmesser i fylket.	Helse- og omsorgstenesta i Tokke er ein god og attraktiv arbeidsplass med riktig kompetanse.	Strategisk kompetanseplan for helse og omsorg er under arbeid. Utfordringa med å sikre nødvendig kompetanse held fram. Helsesjukepleiar og helsefagarbeidar er mest kritisk no. Sjukepleiarteamprosjektet går som planlagt. Rekrutteringsplan planlagt revidering i haust. Fylgjer utarbeidd årshjul.
Kommunane står framfor store utfordringar med omstilling, og må arbeide med omstilling og innovasjon, for å nå ein berekraftig drift. Tokke kommune skal arbeide med tenesteutvikling, omstilling og prioritering av tenester kontinuerleg.	Helse- og omsorgstenestene driftar med god kvalitet innafor økonomiske rammer.	Arbeider med driftsreduksjon. Oppfølging av budsjett med økonomiavdelinga.

PLO4 – Plan, næring og kultur

Økonomi:

Planområde har hatt eit mindreforbruk enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje har betala ut så mykje tilskot innanfor landbruk som budsjettet. Dette er noko som kan forandre seg gjennom året fordi ein veit ikkje kva for søknader som kjem inn og når på året dei kjem.

På tilskot til «motormanuell hogst» har det blitt utbetala meir enn budsjettet. Dette skuldast at det er mange som har nytta ordninga, og det er mange store hogstar som har fått mykje utbetala. Dette går bra sidan det har blitt utbetala mindre av dei andre landbrukstilskota. Ein må sjå på denne ordninga og vurdere retningslinene for evt. utbetalningar i 2026.

Næringstilskot

Det er utbetala meir enn budsjett frå næringskontoen. Dette skuldast i hovudsak utbetaling av vedtak som er gjort tidlegare år. Det gjeld Stålekleivsloftet og utbetaling til 59-grader nord-prosjekt.

Løn:

Det er og eit mindreforbruk på lønn og det skuldast sjukemelding og barselspermisjon, og at vi ikkje har erstatta eller leigd inn vikar for desse.

Sjukefråvær:

Planområde	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær	Totalt fråvær
PNK (PLO 4)	0%	11,14%	11,14%

Det er høgt sjukefråvær på etaten no. Vi er få tilsette og når ein får sjukemelding på ein eller to tilsette så gjer dette store utslag. Vi arbeider aktiv med å få ned sjukefråværet.

Utfordringar:

På grunn av sjukefråvær så har vi store utfordringar med å drive utviklingsarbeid innaføre dei fleste fagområda. Vi må prioritere naudsynte oppgåver og vi hjelper kvarandre på tvers av fagområda for å oppretthalde gode tenester.

PLO5 - Teknisk

Samla sett ligg etaten med eit overforbruk etter 2. tertial, og styrer pr i dag mot eit meirforbruk på ca 2,4 mill kr. Auke i brøytekostnader som kjem i haust ligg inne i dette anslaget.

Vi ligger med eit mindre forbruk på ca. 6,4 mill. i forhold til 2 tertial i 2024.

Overforbruket er jevnt fordelt på ansvara, vil under her nemne dem største avvikne.

5510 Kommunale veger har eit overforbruk på ca. 500 000. Ein del av dette overforbruket tas inn på investeringar nå i Haust. Dette pluss meir må ein ta inn i løpet av sommaren. Anboda for brøyting og strøing av kommunale veger har komet inn, Det er ein aule på ca. 43 % på brøytekontraktene i henhold til det ein hadde tidlegare.

5610 Brannvern: Har eit overforbruk på 27 % i forhold til periodiseringa. Her kjem det stadige pålegg frå sentralt hold om nye kurs og økt kursing. Me er per i dag ferdig kursa på røykdykkar og lastebil/utrykking, samt kurs på sikkerheit på mindre skip.

Avvik:		
	Avvik	Lukka
1. Tertial	11	11
2. Tertial	20	5

Det er det største antallet avvik som er registrert i nokon tertial dei 5 siste årene.

Sjuefråvær Teknisk			
	Total Fråværs %	Korttids %	Langtids %
1. Tertial	4,38 %	1,27 %	3,11 %
2. Tertial	3,43 %	0,61 %	2,82 %

I 2. tertial er korttids fråværet tilfredsstillande, me ser at auka ein hadde i 2024 på langtidsfråvær nå i 2.tertial er nede i vanlig område samanlikna med privat sektor og under landsgjennomsnittet i kommunal sektor.

Utfordring og tiltak	Mål	Status
ENØK – tiltak og utvikling av klimavenlege energiløysingar på kommunale bygg og anlegg	Redusere straumutgifter og førebu overgang i eit grønt skifte.	Ein har starte med utskiftingane av vinduer på helsesenter og aldersbustader. (50 % støtte frå husbanken)
Leggje til rette for gode arbeidstilhøve, følgje opp HMS – krav med laglege bygg for teknisk drift/ kommuneverkstad.	Gode arbeidstilhøve og eigna tenestebygg.	Ein jobbar nå med samlokalisering av ute og va, og samtidig ein samlokalisering av fagleiarene på sama sted.
Oppgradering og klimatilpassing av kommunale vegar og anlegg	Forebygge skadar og ulykker som følgje av ekstreme nedbørsmengder	Det er utført grøfterensk og ein har med overvann handtering inn nå i alle tiltak.
Energimerke alle kommunale bygg over 500 kvm. Stort overforbruk på energi	Få ein oversikt over alle bygg og kor det er lette gevinstar å hente ut.	Arbeidet er starta opp, personar er kurset og ein vil levera rapporter på bygg fortløpande.

Kommunedirektørens tilråding

Budsjettrapporten blir teken til orientering

- Ramma til planområda blir justert i samsvar med Tabell 2
- Fellesinntektene/-kostnadene blir justert i samsvar med Tabell 3
- Investeringsbudsjettet blir justert i samsvar med Tabell 4